

# No får ungane tova og spikka

Ung Husflid er eit nytt tilbod til ungar i Fusa, der born får læra slikt som å tova sitjeunderlag eller smi seg ein treknagg.

– Vi startar med å la dei tova sitt eige sitjeunderlag førstkomande måndag, fortel leiar i Fusa Husflidslag, Torill Os Ådland.

Restarta Fusa Husflidslag står bak tilboden Ung Husflid for born mellom ni og 13 år, i samarbeid med Fusa sanitetsforening.

På planen for første året står eit utval varierte aktivitetar gjennom heile året, med tre hovudtema: toving, spikking og symaskinsaum.

## Spikking i trosskykkjo

– Når dei skal spikka, får dei laga seljefløyte og ein treknagg, fortel Os Ådland.

Dette skjer i Trosskykkjo ved montessoriskulen på Holdhus. Ellers skjer det meste i Sanitetshuset i Eikelandsosen.

– Vi får låna utstyr av Sanitetslaget, som har både symaskiner og knivar til spikking, fortel Os Ådland.

## Ull i fokus

Ull er satsingsområde for Norges Husflidslag på andre året no. Dette nyttar dei seg av under dei planlagte aktivitetane på Ung Husflids-kveldane, gjennom dei planlagte toveaktivitetane.

Til hausten blir det høve til å læra seg å bruka symaskin, ta symaskinsertifikat, og etter kvart å sy seg ein enkel bruksgjenstand.

– Vi har planlagt juleaktivitetar i november og desember, men nøyaktig kva det blir, er ikkje bestemt enno, fortel Os Ådland.

## Framleis plass

– Vi får støtte frå Hordaland husflidslag for å driva med dette. Mange andre lokallag har god erfaring med Ung Husflid, mellom anna Os som vi har rådført



**SAMARBEID:** Restarta Fusa Husflidslag står bak tilboden Ung Husflid for born mellom ni og 13 år, i samarbeid med Fusa sanitetsforening. (Foto: Norges husflidslag)

oss med, seier Os Ådland.

I Fusa har dei lagt opp til åtte aktivitetkveldar for ei gruppe på inntil ti born. Dei oppmodar gutar til å meldaa seg på også.

– I Os som alt har hatt dette tilbode ei stund, veit eg det har vore så populært at dei har venteliste, fortel Os Ådland.

– Det er framleis nokre få plassar igjen hos oss, kan Olaug Bjørndal opplysa.

Ho tek imot påmeldingane og skal vera med som kursleiar dei fyreste gongene når toving står på planen.

## Bringer tradisjonane vidare

Tilboden er ope for alle, alt som krevst er eit medlemskap i Ung Husflid, som er eit forenkla medlemsskap i Noregs Husflidsforbund for dei under 26 år.

Om ein ikkje kan første gongen, er det likevel mogleg å bli med seinare.

Leiarar i Fusa Hudflidslag snakkar også allereie om planar for nytt kurs neste år, for både dei som blir med i år og andre som ikkje får vore med no.

Ho håper etter kvart at fleire ressurspersonar innan husflid vil

vera med og driva desse kveldane, så ikkje alt fell på nokre få.

– Eg har vore formingslærar i 40 år og veit at ungane set pris på slike aktivitetar. I tillegg er vi opptekne av å få bringa tradisjonane vidare. Husflid er kjekke berre å sy og strikka, avsluttar ho.

## ►Åsa Nord

asa.nord@osogfusa.no

## Frå Bamse Brakar til oselvaren

Denne veka vert tettpakka med kultur for både store og små i Fusa. Tysdag kjem Bamse Brakar og torsdag vert det foredrag om oselvaren.

Tysdag gjester Askeladden friteater biblioteket i Eikelandsosen. Teateret byr på fleire historier frå eventyrsamlarane Asbjørnsen og Moe. Barna får møta

Bamse Brakar og Mikkel rev i kjende forteljingar som «Kvifor reven har kvit haletipp?» og «Kvifor har Bamse Brakar stutt hale?».

## Viktig i Fusa-kulturen

Torsdag er Kjell Magnus Økland gjest i Torsdagsakademiet med foredrag om oselvarbåten. Hausten 2016 kom Økland ut med boka «Oselvar – den levande båten».

– Boka er den første samla framstillininga som rommar dei mange spennande sidene ved båttypen. Her finn du eit rikt teknisk og historisk materiale, og mykje av dette er ikkje tidlegare publisert, seier kulturlieiar Erik Vangsnes og held fram:

– Oselvaren har vore viktig i Fusa-kulturen både som bruksbåt og som

tradisjonshandverk. Fleire stader i kommunen gjorde dei færingar, som vi dag kjenner som oselvarbåten.

Kjell Magnus Økland er frå Tysnes. Nyleg gjekk han inn i stillinga som dagleg leiar for Kystsogevekene i Hordaland.

## Mot rasediskriminering

Fusa kommune arrangerer neste veka også ekstra Språkkafe i samband FNs dag mot rasediskriminering. Det er også Verdas poesidag innstifta av FN.

– I tillegg er 21. mars kurdarane sin nasjonaldag og Fusa har i dag ei store gruppe kurdararar. Dei fleste er frå Syria, men nyleg kom det også ein kurdisk familie frå Iran. Det er med andre ord fleire gode grunnar til å markera 21. mars i Fusa med eit eige kulturprogram,



**BÅT-SKYSS:** Landliggjarskyss frå Skåte på Vinnes til Os sommaren 1925. Familien Wilson frå Bergen ferierte på garden Skåte på Vinnes fleire somrar på 1920-talet. (Fotograf Ralph Wilson, LHA Fusa)

seier Vangsnes.

## ►Jostein Halland

jostein@osogfusa.no



**HEILE ÅRET:** På planen for første året står eit utval varierte aktivitetar gjennom heile året, med tre hovudtema: toving, spikking og symaskinsaum.